



## Møteprotokoll

|                  |                               |
|------------------|-------------------------------|
| <b>Utval:</b>    | Kontrollutvalet i Kvam herad  |
| <b>Møtestad:</b> | Heradsstyresalen, Kvam rådhus |
| <b>Dato:</b>     | 22.11.2021                    |
| <b>Tid:</b>      | 09:00 - 13:00                 |

### Følgjande faste medlemer møtte:

| Namn           | Funksjon | Representerer |
|----------------|----------|---------------|
| Gjermund Stuve | Leiar    | SP            |
| Håvard Gjerde  | Medlem   | R             |

### Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

| Namn               | Funksjon   | Representerer |
|--------------------|------------|---------------|
| Michael Iversen    | Nestleiar  | AP            |
| Anita Sørnes       | Medlem     | FRP           |
| Svanhild A. Botnen | Medlem     | SP            |
| Katrine Froestad   | Varamedlem | SV            |

### Følgjande varamedlemer møtte:

| Namn                 | Møtte for    | Representerer |
|----------------------|--------------|---------------|
| Torgeir-Magnar Børve | Anita Sørnes | SP            |

### Merknader

Nokre forfall kom tett opp til møtet og det var ikkje mogleg å kalle inn varamedlem

Møtet starta med kurs i regi av Deloitte AS i offentlege anskaffingar.

### Andre som møtte:

| Namn             | Stilling                               |
|------------------|----------------------------------------|
| Kjartan Haugsnes | Seniorrådgjevar Vestland fylkeskommune |
| Frode Løvlie     | Forvaltningsrevisor Deloitte AS        |
| Silje Fossdal    | Deloitte AS                            |
| Anita Hesthamar  | Rådmann Kvam herad (PS 25/21-26/21)    |
| Ragnar Johnstad  | Økonomisjef (Til PS 25/21)             |

Gjermund Stuve  
utvalsleiar

Kjartan Haugsnes  
utvalssekretær

## Sakliste

| Utvals-saknr | Innhald                                                                         | Arkiv-saknr | U.Off |
|--------------|---------------------------------------------------------------------------------|-------------|-------|
|              | Godkjenningssaker                                                               |             |       |
| GK 7/21      | Godkjenning av innkalling og sakliste                                           |             |       |
| GK 8/21      | Godkjenning av møteprotokoll frå møte 06.09.2021                                | 2020/73     |       |
|              | Politiske saker                                                                 |             |       |
| PS 25/21     | Orientering frå rådmann, kommunal økonomisk bærekraft (KØB)                     | 2020/168    |       |
| PS 26/21     | Oppfølging forvaltningsrevisjon kvalitet, kompetanse og sjukefråver i barnehage | 2020/185    |       |
| PS 27/21     | Deloitte presenterer interimisrevisjonsrapport for 2021.                        | 2020/168    |       |
| PS 28/21     | Bestilling forvaltningsrevisjon.                                                | 2019/46     |       |
| PS 29/21     | Gjennomgang av møteprotokollar                                                  | 2020/74     |       |
|              | Referatsaker                                                                    |             |       |
| RS 11/21     | Tilsynsrapport helsetilsynet                                                    | 2020/77     |       |
| RS 12/21     | Vedtak hst forvaltningsrevisjonsrapport                                         | 2020/185    |       |
| RS 13/21     | Brev Øystese grendalag                                                          | 2020/77     |       |
| RS 14/21     | Årsmelding mobbeombudet                                                         | 2020/77     |       |
|              | Politiske saker                                                                 |             |       |
| PS 30/21     | Eventuelt                                                                       | 2020/77     |       |

Godkjenningssaker

GK 7/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Saksprotokoll 22.11.2021 - Kontrollutvalet i Kvam herad**

**Handsaming i møte**

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

**Vedtak**

Innkalling og sakliste vart godkjent.

GK 8/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 06.09.2021

**Forslag til vedtak**

Protokoll frå møte 06.09.2021 vert godkjent.

**Saksprotokoll 22.11.2021 - Kontrollutvalet i Kvam herad**

**Handsaming i møte**

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møte 06.09.21

**Vedtak**

Protokoll frå møte 06.09.21 vart godkjent.

Politiske saker

PS 25/21 Orientering frå rådmann, kommunal økonomisk bærekraft (KØB)

### **Forslag til vedtak**

1. Informasjonen vert teken til orientering.
2. Kontrollutvalet inviterer rådmannen til første møte i 2022 som oppfølging av heradet sitt arbeid med kommunal økonomisk bærekraft (KØB) inkludert innspel frå kontrollutvalet.

### **Saksprotokoll 22.11.2021 - Kontrollutvalet i Kvam herad**

#### **Handsaming i møte**

Rådmann Anita Hesthamar orienterte utvalet og svarte på spørsmål.

- Finansielle måltal vedteke i heradsstyret 17.12.2019 PS 142/19
- Økonomireglement vedteke i heradsstyret 29.09.2020, PS 103/20
- Reglement for finans og gjeldsforvaltning vedteke i heradsstyret 16.02.21, PS 018/21

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. Informasjonen vert teken til orientering.
2. Kontrollutvalet inviterer rådmannen til nytt møte i 2022 som oppfølging av heradet sitt arbeid med kommunal økonomisk bærekraft (KØB) inkludert innspel frå kontrollutvalet.

PS 26/21 Oppfølging forvaltningsrevisjon kvalitet, kompetanse og sjukefråver i barnehage

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet seier seg nøgd med at fleire av punkta i forbetningsarbeidet er starta opp etter forvaltningsrevisjon av kvalitet, kompetanse og sjukefråver i barnehage.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen om å komme med ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til siste møte i utvalet før sumaren 2022
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariat 3 veker før møtedato.

### **Saksprotokoll 22.11.2021 - Kontrollutvalet i Kvam herad**

#### **Handsaming i møte**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet seier seg nøgd med at fleire av punkta i forbetningsarbeidet er starta opp etter forvaltningsrevisjon av kvalitet, kompetanse og sjukefråver i barnehage.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen om å komme med ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til siste møte i utvalet før sumaren 2022
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariat 3 veker før møtedato.

PS 27/21 Deloitte presenterer interimstrevisjonsrapport for 2021.

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimstrevisjon 2021 for Kvam herad frå Deloitte til orientering.

### **Saksprotokoll 22.11.2021 - Kontrollutvalet i Kvam herad**

#### **Handsaming i møte**

Silje Fossdal frå Deloitte AS orienterte utvalet og svarte på spørsmål.

- Rapporten vart ikkje sendt utvalet på førehand.
- Interimstrevisjon vart ferdig først 15.11.21
- Presentasjon vert sendt ut saman med protokoll.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimstrevisjon 2021 for Kvam herad frå Deloitte til orientering.

PS 28/21 Bestilling forvaltningsrevisjon.

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan .....
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 01.02.22
4. Kontrollutvalet gjev leiar i utvalet, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenne prosjektplanen.

### **Saksprotokoll 22.11.2021 - Kontrollutvalet i Kvam herad**

#### **Handsaming i møte**

Medlem Håvard Gjerde hadde på førehand sendt ut slikt forslag til kontrollutvalet:

**Forslag til tema for forvaltningsrevisjon i Kvam herad 2022: *Personalpolitikk i Kvammaskulen (skule og SFO), med fokus på tilsettingsprosedyrar, vikarbruk og oppfølging av sjukmeldte***

#### **Bakgrunn**

Som medlem i kontrollutvalet har eg blitt kontakta av ei rekke tilsette ved Kvam herad om personalpolitikk generelt og tilsettingspolitikk spesielt. Dette er hovudsakleg tilsette i oppvekstsektoren, men etter at saka vart lagt fram i kontrollutvalet 06.09.2021 (sjå vedlegg), har eg også blitt kontakta av tilsette frå andre sektorar som også viser til liknande erfaringar. Alle dei som har tatt kontakt vil vere anonyme.

Dei ulike påstandane eller erfaringane dannar til saman eit bilete av ein kultur der nokon er «innafor» og andre er «utanfor», -der kjennskap og venskap er viktig for karrierevegen, medan kritiske spørsmål kan føre til utanforskap. Det har også blitt varsla om tilsettingar utan utlysing og fleire har erfart å bli forbigått av mindre kvalifiserte personar som har nære relasjonar til overordna. Fleire har gjeve uttrykk for at vikarar som ynskjer meir jobb og/eller fast stilling konstant må vere på tilbodssida -utan naudsynleg å få så mykje att for det i lengda. Det har komme meldingar om stor grad av toppstyring og tilsvarande manglande tillit til kompetanse og sjølvstende hos dei tilsette. Det har også komme fram dømer på oppfølging av sjukmeldte (jobbrelatert sjukdom) som, dersom dei stemmer, bryt med lover og reglar på fleire punkt.

Kvam herad har etter alt å dømme det formelle kvalitetssikringssystemet på plass. Underteikna har ikkje noko formeining om dei nemnde påstandane og erfaringane utgjør «toppen av isfjellet» eller «unntak som stadfestar regelen». Ut frå dei anonyme meldingane er det uansett grunn til å undersøke i kva grad det i praksis finns avvik og gråsonetilfelle i personalpolitikken. Dessutan kan det vere verdt å undersøke om det finns dømer på ein uheldig kultur «i gangane» -uavhengig av om det formelle er på plass eller ikkje. Det vert vanskeleg å fange opp alle dei ulike momenta i meldingane frå dei tilsette i ein enkelt forvaltingsrevisjon, derfor foreslår eg at kontrollutvalet bestiller ein revisjon med fokus på momenta som går att: personalpolitikk med fokus på tilsettingsprosedyrar, vikarbruk og oppfølging av sjukmeldte.

Etter underteikna sitt skjønn må ein eventuell forvaltingsrevisjon på eine sida nytte seg av kvalitative undersøkingar, basert på intervju av eit breitt utval av både fast tilsette og vikarar. På andre sida bør ein foreta ein systematisk gjennomgang av dokumentasjon knytt til tilsettingar innafor eit gitt tidsrom. Dei fleste bekymringsmeldingane har komme frå lærarar, for omfanget sin del bør ein derfor avgrense seg til ta føre seg oppvekstsektoren i denne revisjonen. Resultata i rapporten vil vise om det er grunnlag for ein utvida revisjon.

### **Forslag til retningsgjevande stikkord for ein forvaltningsrevisjon**

- Tilsettingar: system og reglar kontra praksis
- Rutinar for å unngå at søkarar med tette band til leiarar/overordna kjem framføre andre i køen?
- Rutinar for å sikre at alle små og store vikariat vert utlyste
- Rutinar for å fastslå og gjere skriftleg og kompetansekrav
- Rutinar for å dokumentere og evaluere tilsettingsprosessar
- Rutinar for å handsame habilitetsspørsmål i tilsettingsutvala
- Undersøke i kva grad det har skjedd tilsettingar utan utlysing
- Rutinar for å fange opp fange opp interne kandidatar (sjukmeldte, folk i permisjon, deltidstilsette, «overtallige» osv.)
- Handsaming av 3-års-regelen
- Rutinar for bruk av tilkallingsvikarar
- Oppfølging av ynskje om faste og heile stillingar kontra ufriviljug deltid og grad av vikarbruk
- Oppfølging av sjukmeldte, med vekt på jobbrelatert sjukmelding.
- Arbeidsmiljø, tillit og varslingskultur

Revisor og sekretariat vart utfordra på moglege løysingar og svara på spørsmål.

Etter sams drøfting i utvalet vart slikt forslag samrøystes vedteke.

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan personalpolitikk med fokus på tilsettingsprosedyrar og vikarbruk.
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 01.02.22

### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan personalpolitikk med fokus på tilsettingsprosedyrar og vikarbruk.
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.

3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 01.02.22

PS 29/21 Gjennomgang av møteprotokollar

**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstillinga til orientering.

**Saksprotokoll 22.11.2021 - Kontrollutvalet i Kvam herad**

**Handsaming i møte**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstillinga til orientering.

Referatsaker

RS 11/21 Tilsynsrapport helsetilsynet

### **Saksprotokoll 22.11.2021 - Kontrollutvalet i Kvam herad**

#### **Handsaming i møte**

Referatsaka vart teken til orientering.

Forslag til vedtak var samrøystes.

#### **Vedtak**

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 12/21 Vedtak hst forvaltningsrevisjonsrapport

### **Saksprotokoll 22.11.2021 - Kontrollutvalet i Kvam herad**

#### **Handsaming i møte**

Referatsaka vart teken til orientering.

Forslag til vedtak var samrøystes.

#### **Vedtak**

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 13/21 Brev Øystese grendalag

### **Saksprotokoll 22.11.2021 - Kontrollutvalet i Kvam herad**

#### **Handsaming i møte**

Rådmann og ordførar har hatt møte med Øystese grendalag.

Rådmann har bedt om noko tid for å kunne svare ut Øystese grendalag. Kontrollutvalet får tilsendt svaret når det føreligg..

Referatsaka vart teken til orientering.

Forslag til vedtak var samrøystes.

#### **Vedtak**

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 14/21 Årsmelding mobbeombudet



## **Saksprotokoll 22.11.2021 - Kontrollutvalet i Kvam herad**

### **Handsaming i møte**

Referatsaka vart teken til orientering.

Forslag til vedtak var samrøystes.

### **Vedtak**

Referatsaka vart teken til orientering.

Politiske saker

PS 30/21 Eventuelt

### **Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

## **Saksprotokoll 22.11.2021 - Kontrollutvalet i Kvam herad**

### **Handsaming i møte**

Det vart meldt ei sak til eventuelt.

1. Møteplan 2022 for kontrollutvalet.

Endeleg møteplan vert lagt som sak i første møte.

Første møte i kontrollutvalet i Kvam herad vert 14.02.22

Møte nr. 2 må tilpassas handsaming av rekneskap - dette skal etter planen i formannskapet  
11.05.2022

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Første møte i kontrollutvalet i Kvam herad vert 14.02.22